
Saknr: 2020/50272-1
Saksbehandlar: Bjørn Snorre Waage

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 28.05.2020 |
| Fylkestinget | | 09.06.2020 |

Godkjenning av forslag til Handlingsprogram 2020 - 2023 for Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei - Heiplanen.

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune godkjenner handlingsprogrammet til Heiplanen datert 30. april 2020 for perioden 2020-2023.
2. Vestland fylkeskommune sin eigenandel for 2021, 2022 og 2023 vert innarbeida i dei årlege budsjetta og i økonomiplanen. For fylkeskommunen betyr det kr. 50.000 årleg i 2021, 2022 og 2023.
3. Vestland fylkeskommune sin eigenandel i 2020 er kr. 55.000, og vi forutset at dei andre fylkeskommunane set av sine eigenandelar for 2020.
4. Vestland fylkeskommune forutset at fylkeskommunane Vestfold og Telemark, Agder og Rogaland fattar likelydande vedtak, som i pkt.1, pkt. 2 første setning, og pkt.3.

Samandrag

Heiplanen er ein regionalplan etter plan- og bygningslova med krav om eit fireårig handlingsprogram. Heiplanen omfattar 17 kommunar og fire fylker. Dei fire fylkeskommunane Vestfold og Telemark, Agder, Rogaland og Vestland har felles ansvar for bidra i oppfølginga, og å sikre økonomiske ressursar til gjennomføring av handlingsprogrammet. Hovedformåla i Heiplanen er å sikre funksjonelle leveområde for villreinen samstundes som det vert lagt til rette for samfunns- og næringsutvikling i bygdene rundt villreinfjella. Handlingsprogrammet er laga for å gjennomføre konkrete tiltak og prosjekt som oppfyller desse to hovedformåla. Handlingsprogrammet 2020- 2023 har fire satsingsområder: *Bygde- og næringsutvikling, Heilskapleg arealforvaltning, Kommunal planoppfølging og Kunnskapsbasert planlegging og utvikling.*

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forslag til handlingsprogram 2020-2023 datert 30.april 2020
- 2 Høyringsinnspel

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka


Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er to av ti nasjonale villreinområde. Det er utarbeida regionale planar for alle dei nasjonale villreinområde i Noreg. Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei, kalt *Heiplanen* blei vedtatt av fylkestinga våren 2012. Miljøverndepartementet stadfesta regionalplanen i juni 2013. Heiplanen er ein regionalplan etter plan- og bygningslova med krav om eit fireårig handlingsprogram. Det førre handlingsprogrammet gjaldt for perioden 2015-2018.

Problemstilling


Fylkestinget skal ta stilling til om handlingsprogrammet 2020-2023 datert 30. april 2020 kan godkjennast, og sikre at Vestland fylkeskommune bidreg med økonomiske og administrative ressursar i samsvar med finansieringsplanen til gjennomføringa av handlingsprogrammet.

Saksopplysningar

Det er etablert eit fagleg samarbeid, Heiplansekretariatet, mellom fylkeskommunane for å følge opp handlingsprogrammet til Heiplanen. Saksframlegget er utarbeida av dette sekretariatet.



Kartet syner Heiplanområdet og dei deltakande kommunane (17 stk).



Kartet syner planområdet til Heiplanen og verneområda i Setesdalsheiane. Verneområda blir forvalta av verneområdestyret (SVR).

Forslag til handlingsprogram inneheld konkrete prosjekt og tiltak, synleggjer arbeidsinnsats og ein finansieringsplan med finansieringskjelder og økonomisk fordelingsnøkkel mellom fylkeskommunane.

Proessen

Til grunn for forslaget til handlingsprogram 2020-2023 ligg:

- Ei vurdering av gjennomføringa av handlingsprogrammet 2015-2018.
- Arbeidsverkstad: På bakgrunn av diskusjonar på Heiplansamlinga 2018 vart det arrangert ein arbeidsverkstad i november 2018 der ulike aktørar kom med innspel til tiltak.
- Høyring. Forslag til handlingsprogram, datert 12.april 2019, vart handsama i dei fem fylkeskommunane og sendt på høyring med frist 15. oktober 2019.
- Høyringsuttalar. Det har kome inn 22 høyringsuttalar. Sekretariatet har vurdert desse, jamfør vedlegg.

Forslag til handlingsprogram 2020 - 2023

Heiplanen har fem satsingsområde. Handlingsprogrammet konkretiserer desse, med unntak av satsingsområdet Varslingsrutinar. Under følgjer ein oversikt over satsingsområda;

1. Bygde- og næringsutvikling
 - Tettstadsutvikling
 - Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv som ressurs i reisemålsutviklinga og bygdeutviklinga.
 - Berekraftig beitebruk
2. Heilskapleg arealforvaltning
 - Samarbeid, samsnaking og samordning
 - Samle og gjere kunnskap om heiplanområdet og Heiplanen lett tilgjengeleg for alle
3. Kommunal planoppfølging
 - Planlegge og utarbeide plan for turløyper/stiar
 - Innarbeide omsynssone i Heiplanen i kommuneplanane
 - Bygde- og næringsutvikling
4. Kunnskapsbasert planlegging og prosjekt
 - Kunnskap om kulturminne, kulturlandskap, kulturarv og kulturmiljø
 - Kunnskap om friluftsliv
 - Kunnskap om villreinen sin arealbruk og avbøtande tiltak.
 - Kunnskap om klimaendringar sin effekt på villreinen sin arealbruk
 - Kunnskap om ryper

Økonomiske og administrative konsekvensar

Handlingsprogrammet har eit budsjett og ein finansieringsplan med finansieringskjelder. Fordelingsnøkkelen mellom fylkeskommunane er basert på den same fordelingsnøkkelen som når Heiplanen vart utarbeida.

Tabellen under viser finansieringsplanen med finansieringskjelder for gjennomføring av handlingsprogrammet 2020-2023. I tillegg kjem arbeidsinnsats.

| Finansieringskjelder | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|--|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Fylkeskommunane | | | | |
| Rogaland FK | 200.000 | 392.000 | 360.000 | 363.000 |
| Agder FK | 250.000 | 392.000 | 360.000 | 364.000 |
| Vestfold og Telemark FK | 250.000 | 392.000 | 360.000 | 363.000 |
| Vestland FK | 55.000 | 50.000 | 50.000 | 50.000 |
| Sum FK-ane | 755.000 | 1.226.000 | 1.130.000 | 1.140.000 |
| Andre | | | | |
| Ubrukte statlege midlar frå Heiplanarbeidet. Per april 2020 står det att kr. 538' | 400.000 | 52.000 | 48.000 | 38.000 |
| Miljødirektoratet i 2020 til to øyremerka tiltak: tettstadutvikling og oppfølging av GPS- prosjektet. Føresetnad 50 % eigenfinansiering frå fylkeskommunane. | 1.045.000 | | | |
| SVR | 50.000 | | | |
| Sum andre finansieringskjelder | 1.495.000 | 52.000 | 48.000 | 38.000 |
| Sum | 2.250.000 | 1.278.000 | 1.178.000 | 1.178.000 |

Heiplansekretariatet har søkt om økonomisk støtte frå Miljødirektoratet og det nasjonale programmet «Villrein fjellet som verdiskaper» til gjennomføringa av handlingsprogrammet. Fylkeskommunen har fått innvilga støtte frå Miljødirektoratet i 2020 på kr. 1.045.000. Ein føresetnad for tilskotet er eigenfinansiering på 50% frå fylkeskommunane.

Midlane frå Miljødirektoratet er øyremerka tettstadsutvikling med kr. 700.000, og til oppfølginga av GPS-merkeprosjektet i Setesdal Ryfylke med kr. 350.000. Desse to fokusområda er foreslått vidareført gjennom handlingsprogramperioden med same fylkeskommunale økonomiske innsats, sjølv om støtta frå Miljødirektoratet berre gjeld for 2020. Det vil bli søkt om statlege midlar for å sikre same nivå i åra 2021, 2022 og 2023 som 2020 totalt.

Det er heiplansekretariatet, med ein eller to fagpersonar frå kvar fylkeskommune som har hovudansvaret for å koordinere gjennomføringa av handlingsprogrammet. Agder fylkeskommune leiar sekretariatet og har hovudansvaret for økonomistyringa.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har avgjerdsmynde i saka, jamfør delegasjonsreglement 2.1.1. Regional planlegging, plan og bygningslova §§7-1 og 8-1; kulepunkt 2: [Fylkestinget] vedtek handlingsprogram for regionale planar.

Vurderingar og verknader

Heiplanen og handlingsprogrammet medverkar til ein heilskapleg utvikling og arealforvaltning av Setesdalsheiane uavhengig av kommune- og fylkesgrenser, noko som er ein grunnleggjande føresetnad for å ivareta det nasjonale villreinområdet og funksjonelle og samanhengande leveområde for villreinen. Heiplanen medverker til eit interregionalt samarbeid kor den årlege Heiplansamlinga set ei samordna utviklings- og arealpolitikk for villreinfjellet og bygdene rundt, på dagsorden. Fylkesrådmannen ser det som positivt at handlingsprogrammet legg til rette for eit breitt samarbeid med ulike aktørar. Fylkesrådmannen ser samarbeidet med kommunane som avgjerande for å legge til rette for bygde- og næringsutvikling og utarbeiding av kommuneplanar som tek i vare ein heilskapleg utvikling og forvaltning av heiplanområdet.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at klima, og søkelyset på kunnskap om klimaendringane sin effekt på leveområda til villreinen er tatt inn i handlingsprogrammet. Gjennomføringa av handlingsprogrammet vil stø opp om fleire av FNs berekraftsmål, blant anna mål 11 Berekraftige byer og stader, mål 15 Liv på land og mål 17 Samarbeid for å nå måla.

Økonomi: Vi har eit mindre areal i dette planområdet enn dei andre fylkeskommunane. Vi er difor beden om å bidra med ein betydeleg mindre årleg sum til gjennomføring av handlingsprogrammet enn dei andre fylkeskommunane. Kostnadene for oss utgjer 55.000 kroner i 2020, og årleg 50.000 kroner i åra 2021-2023.

Klima: Handlingsprogrammet har fått auka fokus på klima, gjennom eige prosjekt som vil ta føre seg klimaendringar og konsekvensar for villrein og deira ressurstilgang. Dette prosjektet vil truleg koplast opp mot tilsvarande prosjekt som er aktuelle for Hardangervidda og Nordfjella der vi også har regionale villreinplanar.

Folkehelse: Handlingsprogrammet inneheld prosjekt som vil leggje til rette for auka friluftslivsaktivitet og bruk av fjellheimen, under føresetnad av samspel med villreininteressene. Handlingsprogrammet er soleis positivt for folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for Setesdalsheiane og Ryfylkeheiane er omtalt i regional planstrategi som ein interregional plan som skal vidareførast, med handlingsprogram som er under rulling.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget godkjenner handlingsprogrammet til Heiplanen datert 30. april 2020 for perioden 2020-2023, samt at Vestland fylkeskommune bidreg med økonomiske og administrative ressursar i samsvar med finansieringsplanen til gjennomføringa av handlingsprogrammet.